

Svein Børtveit
 Juvikstølen 56
 5916 ISDALSTØ

Telf. 99 79 20 70

4. november 2016

Lindås kommune
 Kvernhusmyrane 20
 5914 ISDALSTØ

FERDIGSTILLING TILBYGG TIL EINEBUSTAD GBNR 185/141 ISDAL.

Eg viser til Dykkar skriv av 28.10.15, ref. 15/2817 – 15/33188.

I tillegg til dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan, er det gjort slikt vedtak:

«Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bokstav a vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av eit tilbygg på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan innsendt 17.07.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.»*

Tiltaket er no ferdig og plassert som vist på situasjonsplanen.

Det er gjort to endringar i fasaden. I fronten er det brukt to vindauge i staden for tre, og mot nordvest er det laga ein tett vegg i staden for vindauge. Endringa går fram av teikning 02-4 som følgjer vedlagt.

I avsnittet om ferdigstilling skriv kommunen m.a.: *«Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.»*

Her kan eg ikkje skjønne at kommunen faktisk meiner det som blir skrive. Tilbygget er ei utviding av stova. Det er ikkje eit eige rom. Mellom anna er det lagt ny parkett samla for den nye stova. Kommunen kan då vel ikkje meine at vi skal ha ein strek på golvet som viser kor langt vi kan bevege oss!?

Så er det teke inn noko om avfallsplan og miljøsaneringsutgreiing som også verkar meiningslaust i denne samanhengen.

Så skriv kommunen:

«Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.»

Også her har eg vanskar med å skjønne at kommunen verkeleg meiner det som blir skrive. Faktisk plassering er akkurat som vist på situasjonsplan og teikningar, med mindre enn éin cm avvik. Kanskje der er 2-3 mm. Det er alt.

Koordinatar har ikkje eg utstyr til å finne, og kan då heller ikkje sende dei til kommunen. Men tilbygget er altså plassert like inntil eksisterande bygg som har stått der sidan 1977. Eg legg ved tre bilete som viser kvar det står i geografien, og eitt som viser korleis det ser ut innvendig. Til orientering legg eg også ved eit bilete av huset før vi starta prosjektet. Der går det fram korleis det såg ut *før* utbygginga.

Med helsing



Svein Børtveit

Vedlegg

1. Teikning 02-4
2. Fem bilete. Tre utvendig og eitt innvendig *etter* utbygging og eitt utvendig *før* utbygging.